

JOSTEDAL

Ei stutt utgreiding um bygdi og folket der.

AV

JON LABERG

*

Ingvald Husabø prenteverk, Leikanger.

nr. 13, 1948, s. 177-200

Prestar.

Fyrr svartedauden låg der jordegods både til prest og kyrkja i Jostedal. Det vil segja at presten hadde noko fast til livemåte, og kyrkja noko til vedlikehald. Etter at dalen hadde lege øyde ikr. 200 år, og jordi hadde kome under »Kongen« (Staten) var det inkje att til prest og kyrkja. Det var for jostedølene å taka til ånyo. Det var då sjølv sagt at det for det fyrste måtte sokna til ei av grannebygdene, og dei valde då Hafslo. I 1619 vert det sagt at »Jostedal var et lidet anneks til Hafslo«.

Som me alt har skrive um fyrr, var det i 1685 at det vart tale um å halda eigen prest.

Me skal so taka for oss dei prestar som me med vissa veit har vore i Jostedal.

1. Michael Nilsson.

Han var son til presten i Luster, Nils Michelsen, og var kapellan hjå faren frå 1618 til han i 1621 vart sokneprest til Jostedal. Her døydde han i 1634. I 1624 skriv bisp Pácche um han at han var »en fin og hæderlig mand«, og bispem pålegg kyrkjelyden å »yde ham rettighed av degnemæle«. Dette med degnemæle tyder på at presten var både prest og klokkar, mot å leiga ein til å segja amen når det trongst. Slik var det nok ordna seinare og.

2. Otto Hansen Ravn.

Ravn kom til Jostedal i 1635. Han var danske, og hadde ei tid vore prest i Danmark. Der kom han etter segni til å slå til ein altargjest, og so vart han send til Jostedal. Ravn

må ha vore ein noko brålynd mann, for i Jostedal slo han og til ein altargjest, men her døydde han fyrr saki vart pådømd.

Året etter at han var komen til Jostedal, vart han til-
lagd årleg 4 tunner korn av kongetiendi i Vik, Luster og
Leikanger.

Otto Ravn døydde i 1652. Kona hans heitte Ane
Christensdtr. Dei hadde 3 born: Hans som kom til Øvre
Myklemyr, Sofie som var gift med ein rik bonde i Luster,
Sjur Olsen Ytri, og seinare med presten Henrik Nitter i
Jostedal, og so var det Lage Ravn som kom til Venjum i
Hafslo og var lensmann der.

3. Tøger Jensson

vart Ravn sin ettermann som prest i Jostedal. Han skriv
seg Teeocharus Breonus etter prestgarden Breum i Jostedal.
Dette skulle tyda på at det fyrr hadde vore ein Jens, prest i
Jostedal, men han er det ingen som veit noko um.

Tøger Jensson var f. 1614 og vart prest til Jostedal i
1652. Han vart gift med enkja etter Otto Ravn, men dette
ekteskap vart visstnok barnlaust. Frå 1693 var Tøger Jens-
son sjukleg og heldt mest sengi, og kapellanen hans, Henrik
Nitter styrde då kallet til Tøger Jensson døydde i 1710. Han
budde då på N. Myklemyr.

4. Henrik Henrikson Nitter

vart sokneprest etter Tøger Jensson. Han var f. ikr. 1655
på Tandla i Gaupne. Faren, Henrik Nitter, var stor gods-
eigar, det meste åtte han utanum Sogn, millom anna Hauke-
land um Bergen. Kona hans heitte Elen Andersdtr. Frå
desse spreidde Nitterætti seg vide um i landet. Ein son,
Trude, vart prest i Finnmark, Christen vart gastgjevar i
Solvorn, Jonas hadde ei tid Tandla, men kom seinare til Eide
i Sogndal. Ei dotter, Kirsten, ser me ikkje meir til.

Som alt fortalt vart presten Henrik Nitter gift med Sofie
Ravn, enkja etter Sjur Ytri, og vart ved dette ein velhalden
mann. Dette gjorde at han kunde laga seg etter jostedølene.
Han må og ha vore ein skjemtsam kar. Etter gamal skikk
og vel etter »Kongelig forordning« skulde kyrkjelyden ofra
til presten kvar storhelg: jul, påske og pinse. Og både prest
og kyrkjelyd var sjølvstamt samd um at skikk og lov måtte
ein retta seg etter. Men no meinte Nitter at dette med ofring
ikkje var noko som folket gledde seg tid, og so fann han på
råd. Nokre dagar fyrr ei storhelg tok han seg for å klyppa
ut ein haug med runde blekkstykke på skap som pengar.
Desse delte han ut dagen fyrr storhelgi, og dei ofrande la
dei nye pengane på altaren, der hr. Henrik samla dei saman
til bruk neste offerdag. Dette kunde folk fortelja ein prest
dei fekk seinare, og som ikkje vilde godta hr. Henriks pengar
som gangbar mynt.

Henrik Nitter døydde i 1724. Enkja flytte til Rønei og
døydde der. Dei hadde 2 born etter seg: Tøger Nitter, stor-
bonde på Rønei, og Elen, gift med sokneprest Rachlev i
Hemnes.

5. Hans Wingard

vart Nitter sin ettermann. Han var f. 1686 og kom til Joste-
dal i 1725. Han var frå Lolland, Danmark. I 1731 vart han
prest til Vanelven, Sunnmøre, og seinare kom han til Molde,
der han døydde i 1758.

6. Ole Morsing

vart tilsett som sokneprest her i 1731, men det er uvisst um
han kom til Jostedal, etter di han er komen burt alt i 1732.
Han er elles ein heilt ukjend mann.

7. Hans Frørup.

Han seiast vera frå Kjøbenhavn, men det er rettare å seia at han var fødd i Bergen og soneson til Jens Hansson Frørup, byfut i Bergen. Frørup vart eitt åt i Jostedal, so kom han til Jæren, og seinare til Ulvik, Hardanger, der han døydde i 1793. Det vert sagt um han at han »hadde bispen til morbror«. Kona hans var Marie Stabel, prestedotter frå Eivindvik. Ho døydde i Bergen 1777.

8. Rasmus Wibye

vart prest her etter Frørup. Han var f. ikr. 1696, og vart i 1733 sokneprest til Jostedal. Han var danske, og det tok han umlag eit år fyrr han kom til Jostedal. I 1738 greidde han ikkje å vera lenger i dalen. Han reiste frå det heile, før til Kjøbenhavn for hjå statsmaktene å få eit nytt kall. I 1741 vart han sokneprest til Klepp på Jæren, og i 1756 kom han til Helleland.

9. Mathias Foss

var kjøbenhavner og f. 1714. Student frå Sorø skule i 1733 og kandidat i 1741. Same året vart han sokneprest til Jostedal.

Det var truleg meir enn eit tilfelle at den 27-årige kandidaten søkte seg til Jostedal. Paul Hansson Egede kom same året heim for godt frå arbeidet sitt på Grønland. Me kan godt tenkja oss at for Foss var Jostedal som eit nytt Grønland. Og som god pietist trudde han vel at her hadde han høve til å gå Egede sine vegar. Dette var hans fyrste mistak. Jostedal var ikkje noko Grønland.

Me har i hefte 1 og 2 fortalt um det lite pietistiske liv han møtte der i dalen. Men det me fyrr har skrive um dette, gjev ikkje noko heit bilete av presten Foss. Han hadde ein strid

som var verre i sitt eige hus. Han var gift med Marie Dreyer, og um henne seier bisp Arentz at ho var den mest skuldige av dei tvo. Ho hadde »opført seg heller som en djevlinde end som en mandinde med hugg og slag, stenkast og andet usømmelig«. Eit sovore liv i sjølve prestegarden skapa ikkje vyrndnad korkje for prest eller prestfrua.

Både bisp og prost hadde lenge visst um dette, og i 1759 vart det tillyst prosterett i Gaupne, der retten skulde ha fyre seg den fordrukne presten Cimber i Luster, og so nytta retten høve til å freista å forlike prestefolket i Jostedal. Og dei vart forlikte. Men tvo år etter måtte dei halda ny prostereitt, og so denne gongen med eit slags forlik. Men året etter rymde prestfrua, fyrst til Luster og seinare til Bergen. I 1763 kom det til ein »frivillig separasjon« mot at Foss betalte 30 rdl. til kona. Det hadde han nok ikkje råd til, endå um han seinare etter pålegg frå bispen skulde få 50 rdl. frå presten på Voss. Kona si såg han aldri meir. Etter ho kom til Bergen, sat ho eit år i tukthus for tiggning. Bisp Hagerup fekk henne ut frå tukthuset, og so vart det vel eit eller anna fatighus som måtte taka seg av henne. Ho døydde i Bergen 1777, 66 år gamal.

Foss og kona hadde havt 10 born, men berre 4 av desse vart vaksne, ein son og 3 døtre. Ei av døtrene fekk barn med ein gullsmed frå Hafslo, og faren var den som måtte sette henne under skriftemål og døypa barnet. På sine gamle dagar hadde Foss ei bramannskone frå Luster som hushaldar. Og etter som segni seier, var ho alltid på presten sitt beste. Medan presten um sundagen stod på stolen, selde ho brennevin på prestegarden.

Men no var presten både gamal og tullet. Og anna var ikkje å venta, etter det han hadde gjenge gjennom.

Det vart sagt både av bisp og prost at Foss ikkje var nokon ulærd mann. Då bisp Pontoppidan i 1744 ga prestane pålegg um å gjeva ei skildring av bygdi der dei var prest i, var Foss den av prestane i Bergens stift som gjorde det best. Ho er verd å lesa den dag i dag. I samhøve med dette skriftet hans vert det og sagt at Foss var ein både

gåverig og lærd mann, men og »svag og meget overtroisk«.

Det var Foss sitt usæle husliv som gjorde at han aldri kom frå Jostedal. Styresmaktene våga ikkje å senda eit ekepar som livde som dei gjorde, til eit anna og betre kall.

Det vanta ikkje på at Foss søkte um å koma frå Jostedal. I 1758 søkte han soleis um å verta Anders Daa i Vik sin ettermann som prost i Sogn. Dette trur han å ha rett til etter di han var den eldste sokneprest i Sogn. Dessutan har han til ymse tider vikariert for andre prestar og elles mil-lombils vore prest i Hafslo, Sogndal og Aurland. Då han heller ikkje no vart teken omsyn til, trur han »ufeilbarlig at have adskillig av mine fiender at tilskrive, der tid efter anden har havt sin fornøielse av at sverte mig for min høie øvrighed til min velferds spilde, skjønt det er den almæktige Gud, denne menigheds lemmer og adskillige honnette folk andre steder vitterlig, at jeg lider uskyldig«.

Han måte nok lida uskuldig ein mannsalder til, fyrr han slokna. Han døydde i 1792, 78 år gamal. Han hadde då vore prest i Jostedal i 51 år.

Det som no kjem, har me for det meste etter Lampe: »Bergens stifts Biskoper og Prester«.

10. Ole Åbel.

Han var gardbrukarson frå Tveits prestegjeld um Kristiansand. Han var f. 1757 og vart kandidat i 1783. Var ei tid huslærer, seinare kapellan til han i 1793 vart sokneprest til Jostedal. Her var han til 1800, då han vart sokneprest til Aurland. I 1839 slutta han som prest, men livde til 1853. Sjølv seier han at det »lykkedes ham så temmelig at utrydde uorden i bygden. Og med Jostedalens hele Kjærlighed og efter 8 års tjeneste forlot han den og kom til Aurland. Her slutta han som prest i 1839 og døydde i 1852.

I 1795 vart Åbel g. m. Christine Pavels, prestdtr. frå Hjelmeland. Dei hadde 9 born.

11. Johan Henrik Lind.

Han var f. i Trondheim i 1796. Faren vart seinare prest i Hafslo, og mori var Magdalene Trondsdtr. Benkestok av den gamle norske adelsætt i Benkestok.

Lind vart kandidat i 1797 og vart prest til Jostedal i 1800. I 1806 flytte han til Hjartdal, Telemark, der han døydde i 1819. Kona hans var dansk og heitte Anne Marie Kuhs. Dei var barnlause. Lind og kona gav 100 rdl. som eit legat til fyremun for fattige i dalen, og dei skipa og kornmagasin for bygdi, og til dette gav dei som grunnfond 20 tunnor korn som dei hadde tilgode hjå ymse kyrkjor i Sogn.

12. Andreas Cordsen

som vart Lind sin ettermann, var son til ein kjøpmann i Stavanger og f. 1778. Han vart kandidat i 1802 og var so skipsprest til han i 1807 vart sokneprest til Jostedal. I 1812 kom han til Vikedal, men slutta som prest i 1816 og døydde i 1817. Kona hans heitte Anna Marie Andersdtr. og var frå Lærdal. Cordsen burde vel helst ikkje vore prest. Bisp Pavels har høyrte dette um han: »En dag var prediken tillyst, og almuen samlet. Da faldt det presten ind at han ikke vilde prædike, men lod klokkeren lese en prædiken fra kordøren. Det skede, og almuen fandt sig deri. Men da den gik ud av kirken, hadde Cordsen klædt sig av og svømmede om i et vand straks udenfor, for alles øine«.

13. Holger Halling Schjødt

vart so prest til Jostedal frå 1812 til 1819. Han var f. i Helsingør i 1776 og vart kandidat i 1803. I Jostedalen var han prest frå 1812 til 1819, då han flytte til Lexviken. Seinare kom han til Holtålen, der han døydde i 1859. Kona hans var Lovise Wiberg frå København.

Av dei 5 borni deira var Simon Peter den eldste og var overrettssakfører i Oslo.

Presten Schjødt var mykje sjukleg og i sine yngre dagar noko brålyndt. Det vert fortalt i bygdi, at presten ein dag kalla paktaren sin ein »krok«. Ja, men so har eg og ein krok å dragast med, svara paktaren. Ein får som ein tokke av at dei kunde ta det hyggeleg frå båe sidor. Sikkert er det at Schjødt var ein mykje avhalden mann i Jostedalen. Serleg vert han umtala som ein rettskaffen mann.

14. Peder Pavels Abel.

Då Schjødt slutta, var det ingen som søkte Jostedal. Det vart då ordna slik at Peder Abel vart sokneprest til Sogndal med plikt til og å hava Jostedal til so lenge. Denne skipnaden vara i 5 år.

Peder Abel var f. 1795 i Jostedal, der faren, Ole Abel, då var prest. Han vart student frå Bergens Latinskule i 1818 og vart kandidat i 1821. Han vart tilsett som prest til Jostedal i 1822 og og til Sogndal i 1823. Det såg sjølvstarkt noko rart ut at ein so ung kandidat med ein gong skulde få eit kall som Sogndal. Det tok seg betre ut når han fyrst hadde fått kall. Me kan visstnok tenkja oss at det heile var avtalt på fyrehand.

Etter det me kan skyna var Peder Abel både med omsyn til eksamen og praktisk dugleik ein av dei beste prestar Jostedalen hadde havt. I 1833 vart han prest til Land i Valdres, der han skipa den fyrste »Høiere Almueskole« i landet. Han var og med i den tids fråhaldsarbeid. Abel var musikalsk, og endå har ikkje jostedølene gløymt at han song for ungdomen medan jonsokelden lyste yver dalen.

Peder Abel var g. m. prestedotter frå Kvikne, Margrete Leigh. Dei hadde 9 born. Abel døydde i 1869.

15. Bernt Anker Leigh

vart i 1828 Abel sin ettermann som prest i Jostedal. Han var presteson frå Kvikne og verbror til Abel. Leigh var f. 1800 og vart kandidat i 1828. Same året vart han prest til Jostedal. I 1834 flytte han til Gausdal, der han var residerande kapellan, og i 1841 vart han sokneprest til Overhalden, der han slutta som prest i 1864 og døydde i 1872. Kona hans var kapteinsdtr. Anna Coucheron. Dei hadde ikkje born. Leigh var sers vellikt i Jostedal.

16. Kjell Andreas Bugge

var Leigh sin ettermann i kallet. Han var f. i Kristiania 1807. Faren var byen sin siste »bedemann«^{*)}.

Bugge var f. 1807 og vart kandidat i 1830. Han vart i 1832 kapellan i Urskog og i 1834 sokneprest til Jostedal. Her var han til han i 1840 vart sokneprest til Aurland og vart prost i Indre Sogn. I 1846 vart han sokneprest i Egersund og døydde i 1888.

Han var g. m. ei bondegjente, Christine Jensen frå Høland. Dei vart gifte i Jostedal i 1836. Dei hadde 3 born. I Jostedal vert det sagt um Bugge at han var »ein flink og elskverdug mann«.

17. Michael Sundt Fasting

var f. i Ortnevik 1806 av foreldri major Fasting og kona Anna Tuxsen. Fasting gjekk på skule i Bergen og vart kandidat 1832. Var so i mange år privatlærer i Bergen og var i 1840 prest til Jostedal. Her vart han til han i 1845 vart sokneprest til Jølster og seinare til Førde. Slutta som prest i 1880 og døydde i 1885.

Fasting vart i 1836 g. m. Chistiane Torbjørg Bøgh frå

*) bedemann hadde å beda til brudlaup, gravferd og ymse anna som hadde med det kyrkjelege å gjera.

Bergen. Dei hadde 8 born. I Fasting si tid vart det gamle prestehus rive og flytt der det no står. Ogso Fasting er av dei som var vel likt av folket i dalen.

18. Christian Bastholm Heltberg

var prest frå Stange og f. 1809 og vart kandidat i 1835. Var personel kapellan i Stange til han i 1845 vart sokneprest til Jostedal. I 1853 kom han til Neset i Romsdal, der han og vart prost. Kom sistpå til Romedal, der han døydde i 1871.

Heltberg var g. m. Sabine Herre frå Kristiansand. Dei hadde 6 born.

19. Ole Christian Rasch

har me skrive um i boki um Hafslo, og det tek me med her:

Rasch var kjøpmanns son frå Kristiania og f. 1809.

I 1833 vart han kandidat og kom til Luster som huslærer hjå sokneprest Fleischer i Luster. Etter kvart vart han og forliksråd og heradskasserar. I 1853 vart han sokneprest til Jostedal. Her vart han i innland og utland kjend som ein gjestmild mann som tok seg av dei mange norske og engelske som etter kvart fann vegen fram til den avstengde dalen. Rasch var nok ingen språkmann i vanleg meining, men han greidde seg med den latin som sat att frå studiedagane.

Rasch var eit uvanleg godt menneske, alltid elskverdig, beintfram og hjelpsam. Vissa fekk dei fatige i bygdi njota godt av hans hjartelag. Han livde sjølv på bondevis.

Preikone hans var beintfram og heldt seg til jordi, men ofte med gode døme frå kvardagslivet. Ved båra etter ein gamal ven kunde han nok gå noko langt, når kjenslone fekk makt yver han.

I 1867 vart han sokneprest til Hafslo. Her døydde han i 1879. Han var g. m. Wilhelmine Daa som døydde i 1874. Dei hadde 3 born.

20. Andreas Emil Hansen

var son til ein kjøpmann på Kongsvinger og f. 1837. Han vart kandidat i 1864. Same året vart han pers.kapellan i Gjerstad, Nedenes, og vart i 1868 sokneprest i Jostedal. Her vart han til han i 1865 vart prest til Gol, Hallingdal. Seinare kom han til Skiptvet der han og var prost. Han var g. m. prestedotter Anna Sørensen.

21. Anton Hansen

var prest her i 1876. Han var son til seminar-skulestyrar Halvar Hansen og f. 1840. Han gjekk fyrst lærarskulen i Asker og tok so til å studera og vart kandidat i 1874. Han var so ei tid lærar ved høgre skular til han i 1874 vart prs.kapellan til Id, og i 1876 sokneprest til Jostedal. I 1883 vart han sokneprest til Mo, Helgeland, og døydde i 1891. Han var gift tvo gonger og hadde 8 born etter seg.

22. Wollert Johan Lyder Frich

vart prest her i 1876. Han var son til seminar-skulestyrar meister David Frich og kona Christiane Jordan. Frich vart student i 1863 og kandidat i 1873. Same året fekk han oppmoding til å taka eit prestekall i Amerika, kom attende til Noreg i 1882, og etter at han ei tid hadde styrt fleire prestekall, vart han i 1884 sokneprest til Jostedal. Her var han i 6 år og kom so til Børsen i 1890. Frich var g. m. Charlotte Stoltz. Dei hadde 8 born.

23. Julius Theodar Børresen

var f. på Lillehammer 1849. Faren var snikkarmeister. Børresen gjekk fyrst »almueskolen«, kom so i latinskulen og

vart student i 1869 og kandidat i 1879. Etter å ha styrt fleire soknekall vart han eit par år lærar ved ein millomskule og vart so i 1882 res.kapellan i Aurland. Deretter vart han stiftskapellan i Bergens bispedøme og i 1890 sokneprest til Jostedal. Her var han i 3 år og vart so sokneprest til Lom. Børresen vart i 1887 g. m. Mathilde Stub, prestedotter frå Strandebarm, Hardanger.

Etter at Børresen slutta, stod kallet ledig i 3 år. I denne tid var ein Ragnvald Knudsen styrar av kallet.

24. Amund Magnussen Frøese

var den nye presten i Jostedal. Han var f. i Sunnylvn, Møre 1860. I 1881 vart han student, og etter å ha vore huslærar ei tid reiste han i 1886 til Amerika. Her vart han teologisk kandidat i 1887. Kom so atter til Noreg, vart i 1900 tilsett i Kristiania Indremisjon, tok i 1902 norsk teologisk eksamen og vart i 1906 sokneprest til Jostedal. I 1912 vart han prest til Lindås.

25. Erik Fredrik Falkenberg

kom etter Frøese som sokneprest til Jostedal. Han var f. i Klæbo 1889. Faren var styrar av lærarskulen i Levanger. I 1912 vart han kandidat og reiste so til Tyskland og Danmark for å studera kristeleg og sosialt arbeid. Vart i 1913 konstituera som sokneprest til Jostedal, han var for ung til å vera fast tilsett, det vart han året etter. Han vart berre 3 år i Jostedal, og vart so sokneprest til Årdal i Sogn.

Han seier sjølv um opphaldet i Jostedal at han har »ude-lukkende gode og lyse minder fra opholdet mellem de høie fjelde blandt det staute og livlige fjellfolk«.

26. John Rognaldsen Rongved

var f. i Haus i 1885. Faren var lensmann i bygdi. Rongved tok artium i 1909 og vart kandidat i 1914. Året etter vart han stiftskapellan i Kristiansand, og i 1916 sokneprest til Jostedal. Her var han i 4 år, til han i 1920 vart sokneprest til Vossestrand.

27. Johan Oscar Michelsen

var f. i 1892. Faren var misjonær. Michelsen vart student i 1911 og kandidat i 1920. I 1923 vart han ordinera til prest for å styra ledige kall og vart same året prest til Jostedal. I 1929 vart han sokneprest til Våler i Solør.

28. Svein Medhus

er fødd i Hol, Hallingdal, 10. august 1897 av foreldre gardbrukar og postfører Asle Medhus og kona Margit, f. Tor-kjellsgard.

Medhus tok artium i Volda 1921, teologisk embetseksamen ved universitetet vårsemesteret 1928 og praktist teologisk eksamen haustsemesteret same år. — Den 31. januar 1930 vart han utnemnd til sokneprest i Jostedal og vart ordi-nert i Bergen av biskop Hognestad 9. februar s. å. Kom så til Jostedal 27. februar 1930 og vart innsett i embetet av prost Rødland den 2. mars, fastelagssundag.

Den 23. februar 1930 vart han gift med Sigrid Nøkleby, f. 15. desember 1902 i Jevnaker på Hadeland. Ho tok opp arbeidet for sjukerøkt som ei tid hadde lege nede, og i dei siste år ogso for sundagsskulen. — I hans embetstid vart det atter aktuelt med fråsal av plassane under prestegarden, plan for nye uthus og paktarbustad vart lagd til rettes. Jordvegen vart mykje utbetra ved nye solide gjerde og nydyrking og elvebygnaad. — Hans embetstid i Jostedal vart og i okkupasjonstidi med all den spaning og strid som fylgde med den. Men Jostedal vart i denne tid ein freda plett, her var ingen tyskarar, angjevarar eller tyskargjenter. So her leid ingen skade på liv eller eigedom — direkte. Folket heldt saman ogso nasjonalt.

Lensmenn.

Kor lenge det har vore lensmenn i bygdene veit me ikkje. Men dei vert nemnde alt i millomalderen. Det er elles uvisst um dei i den tid hadde det same å gjera som seinare.

Lensmannen vert som oftast kalla bondelensmann, truleg for å skilja han frå den store lehnsmannen (Lehnsherren), og kan henda ogso fordi lensmannen i det fyrste måtte vera jordbrukar. I seinare tider fall dette burt.

Ein må vel tru at lensmannen i bygdi vart sett på som noko større enn ein vanleg bonde. Og dette kunde nok få ein til å taka umbodet. Elles var det fleire fyremuner med å vera lensmann. Dei 3—4 rdl. han hadde i årsløn var det minste, men det å vera skattefri gardbrukar vog meir.

Det var elles ikkje alt som var so gildt for lensmannen heller. Han var tenar både for fut og skrivar, og yrket som laupargut for desse gav ikkje ein byrg bonde noko å kjenna seg stor av. Verst hadde han det vel når futen sende han avgarde for å stemna ein bygdemann, ofte av hans eigi ætt, for skatt eller for eit eller anna gale vedkomande hadde kome burt. Ved slike høve var det ikkje alltid godord som møtte rettens mann når han kom til gards.

Det seier seg sjølv at ein lensmann i bygdi fyrst og fremst måtte kunna styra seg sjølv. Dette var ikkje so lett å liva etter. Det var ofte at den »overflødige drukkenskap« kom i vegen. Og som ein vil sjå under det som er skrive under gardane, hende det ogso her i dalen at lensmannen gløynde kven han var.

Ein lensmann i gamle dagar turvte ikkje å vera tyngd av lærdomen, og var det heller ikkje. Med skrive- og lese-kunsti var det heller ikkje rart. Som oftast hjelpte han seg med signet og bumerke til underskrift. So fjerre brevsynt måtte han likevel vera at han kunde stava seg gjennom eit skriv frå fut eller skrivar.

Det vart sagt i 1619 at Jostedal då var »et lidet anneks til Hafslø. Det var ogso tingstaden for Jostedal den tid.

Ein skulde difor ha venta at dei og hadde lensmann saman med Hafslø. Men det syner seg at dei alt i 1611 har eigen lensmann i bygdi. Men han er truleg og den fyrste.

Um dei fyrste lensmenn kan me ikkje seia kor lenge dei hadde dette umbodet. Me må difor taka dei med etter kvart me ser dei nemnd fyrste gongen. Og so kjem fyrstemann:

1. Knut Anderson Åsen i 1611.
2. Daniel Kreken frå 1622.
3. Torstein Espe i 1646.
4. Sjur Paulsson Kruna 1650.
5. Knut Nedrelid 1690.
6. Ola Andersson Åsen til 1705.
7. Anders Olson Åsen frå 1706.
8. Sjur Andersson Åsen til 1734.
9. Tøger Ottoson Snetun til 1760.
10. Otto Tøgerson Snetun frå 1760 til 1768.
11. Lars Tøgerson Snetun frå 1768, død på Kronen i 1795.
No ser det ut so at det ingen jostedøl var som vilde vera lensmann i bygdi, for no fekk dei lensmann saman med Luster.
12. Hans Urdal Bringve vart i 1808 tilsett som lensmann i Jostedal, og etter han kom sonen
13. Ola Hansson Urdal i 1816. Han budde i Sandvik, Gaupne.
14. Lars Rasmusson Fåberg kom etter Ola Urdal i 1850 til 1881.
15. Hermund Tvedt frå Bøfjorden. Han var sersjant og lensmann i Jostedal. Han hadde umbodet til 1913.
16. Lars Stølen, f. i Jostedal. Han gjekk befallsskulen i Bergen og var lensmann frå 1913 til 1938.
17. Anders Fosøen, f. i Jostedal. Han har gått framhalds- og handelsskule. Var so 14 år lensmannsfullmektig i Luster, til han i 1938 vart lensmann i Jostedal.

Heradstyret.

So lenge landet vårt var eit fritt land, kann ei segja at bygdene hadde sitt styre i heradstinget. Saker som hadde med heile bygdi å gjera, vart avgjorde på tinget. Men etter me miste vårt sjølvstende, og helst etter at kongane tok seg einevelde, vart det heilt til inkjes med bygdene sitt sjølvstyre. Det var kongen som gjenom sine embetsmenn styrde det heile. Visstnok var det so at »almuen« skulde takast med på råd i ymse høve, men dette fekk likevel lite å segja, embetsmennene fekk både bukti og bae endane.

I dette vart det likevel ei vending då me i 1741 fekk den fyrste skuleskipnaden, og i 1755 med lovi um fatigstellet. Med bae desse lovene fekk bygdene som eit slag sjølvstyre, med di at der attåt embetsmannen og skulde vera med menn, valde av bygdefolket sjølv. Men det vart framleis embetsmennene som hadde mest å segja. So fekk me i 1814 vår grunnlov, som tok burt det meste av kongemakti, og dermed skulde og embetsmennene ha mist det meste av si makt. Men slik var det nok ikkje. Heilt fram til 30-åri vart alt mest med det gamle. Men då var folket vårt vorte so fjerre vake, at det ikkje lenger let seg gjera å lata det gå på gamal vis. Det måtte koma eit umskifte, og det kom med »Formannskapslovi« av 1837. Det er frå denne tidi me må rekna bygdene sitt sjølvstyre, og bygdi si soga i so måte får me ved å fylgja heradsstyret si verksemd nedyver til vår tid.

I røyndi var eit umgrep som herad ukjent millom folket, då me fekk formannskapslovi. Det syner og sjøelve namnet på lovi. Formannskapet er då berre ein part av heradsstyret, og ikkje styret i det heile. Heradsnamnet var gløymt, men me hadde eit anna namn frå kyrkjeleg skipnad: prestegjeld. Og det var dette umgrep dei hadde for augo, dei som gav lovi. Nokon verdsleg skilnad bygdene imillom hadde me

ikkje, når ein ikkje ville bruka skipsreide-namnet. Dette var nok mykje gamalt, men likevel lite kjent mellom folk. Og det hadde dessutan so ofte vorte skipla fram gjenom tidene.

Til Marifjóra skipreid låg til umlag 1660 ogso Jostedal. Seinare vart Jostedal lagd til Luster.

Når dei soleis ikkje hadde noko namn på bygdi som eit verdsleg samhelde, fann dei på å bruka det franske namn kommune, og styret vart kalla kommunebestyrelsen.

Seinare kom folk etter at me likevel hadde eit gamalt namn, herad, og dette namnet er etter kvart kome i bruk og segjer det det skal segja.

Heradsstyret hadde fyrste møtet sitt 1. september 1838. So segjer den eldre møteboki. Dette må vera gale, for formannskap og resten av heraysstyret, i alt 12 mann, er valde før. Presten Kjell Bugge møter som ordførar, og Lars Rasmussen Fåberg som varaordførar. Tredjemann i formannskapet var Rasmus Hansson Hellegard.

Det var ikkje store saker heradsstyret hadde fyre seg dei fyrste åri. Ei av dei fyrste var spursmålet um å yta noko til dei som hadde lide skade ved brannen på Vikøyri. Heradsstyret sa som sant var at det som heradsstyre ikkje hadde høve til å yta noko, men dei vilde kvar for seg freista få noko ytt privat. På den måten fekk dei inn 10 spd. 20 skill. (kr. 40.60).

Neste sak var ein søknad frå Ole Døsen um å få skipa eit gastgjeveri på Rønnei. Til dette vart svara: »Ordføraren skal på den kraftigste forestilling søke om befrielse for at et sådant andragende indvilges til fare for andres sedelighed«.

Til same møte var det kome skriv frå Bibelselskapet i Bergen med tilbod av biblar for billeg pris. 9 av heradsstyret sine medlemmer nytta dette til å kjøpa kvar sin.

Heradsstyret var ikkje heilt nøgd med ordføraren sin. Dei tykte han var for raust på handi. Soleis nytta han for ofte snarbod når posten skulde først til Marifjóra. »2 mann i skyss frå Rønnei til Marifjóra var ein mann for mykje,« og elles nytta han for ofte snarbod.

Bugge tykkjest elles ikkje å ha vore rette mannen til å vera fyrste ordføraren i bygdi. Han som dei andre vanta røynsla. Presten var elles sjølvskriven som formann både i skulestyret og i fatigstyret, og for begge desse var han óg kassestyrar. No hadde han óg vorte rekneskapsførar for det som elles vedkjem heradet. Og det var ikkje sagt presten var nokon meister i rekneskapsførsle. Det synte seg å vera ymse ugreie med dette. I 1840 vart gardbrukar Lars Rasmussen Fåberg ordførar, og han klara seg vel so godt som formannen. Han var vel og den tid den mest skriveføre mann i bygdi, kan hende med Lars Jonsen Nedrelid som likemann. Lars vart ógso varaordførar.

I deira tid kom upp spursmålet um ny prestvåning, og det var ei stor sak for den tid å vera. Staten hadde ytt 400 dalar (kr. 1600) til vånhuset. Ved dette høvet lærde jostedølene, um dei ikkje visste det fyrr, at det billegaste jamnast vert det dyraste. Som me seinare skal sjå måtte bygdi byggja nye prestevåningar alt i 1905. Bygdi kunde ikkje yta pengar til dette fyremål, men tok på seg å skaffa trevyrke og anna som til skulde og køyra det fram til byggjestaden.

For med det same skal me her taka med alt det me har funne um presthuset. Då dei i 1905 måtte til med å byggja nytt presthus, vart det sagt um det gamle vånhuset at det »ligger nu tungt og trykket med liten adgang til sol og lys nede i den store fjellkjel omkring kirken indeklemmt mellem kirken og fjøset.« No skulde den nye våning flyttast til Magasinhaugen.

Kyrkja.

Same året dei bygde nytt presthus på Magasinhaugen, vart det og tala um å byggja ny kyrkja. Alle rette vedkomande meinte at kyrkja var mykje for liti. Men heradsstyret var usamd i dette. Og her fekk dei god hjelp av »Foreningen til Fortidsmerkes Bevarelse«, som sa at det gjekk ikkje an å riva ei so gamal kyrkja. So vart det tale um tilbygnad av sakresti og hus for konfirmantane. Men heller ikkje dette

vilde heradsstyret gå med på. Til vanleg var kyrkja meir enn stor nok, og når ein nytta lemen betre og dertil hadde »taburetter« til å setja inn langs stoleradene, so var kyrkja stor nok ógso på storhelgedagane og på konfirmasjonsdagane. Og det vart nok til det, at bygdi her fekk det som ho vilde. Bygdi hadde lenge før kjøpt ^{11/12} av kyrkja hjå Hans Hellegard for kr. 420.—. Den eine halvdel åtte Tøger Kronen, og det gjekk nok ei tid fyrr heradet fekk kjøpa den parten.

Skulen.

Me har fyrr skrive noko um skulen frå den fyrste tid. Her skal me taka med eit og anna frå nyare tid.

Lovi av 1741 sa at det måtte vera minst ein fast skule i kvart prestegjeld, men det gjekk mange år fyrr dei kom so langt i Jostedal. Likeeins var det med lærarjord som óg var påbode. Det var alltid »dalens naturlige beskaffenhed« som var i vegen. Men lovi av 1860 var ikkje å koma forbi. Det måtte koma skulehus i kvar krins. Og frå 70-åri og frametter kom det skulehus i Kyrkjekrinsen, Sperle, Kreken, Mjølverdalen, Nibygdi og Krunedalen. Til det siste vart nytta det gamle Magasinhus.

Det er uråd å finna noko um kor bygdi tok pengane frå i det fyrste. Men etter kvart kjem det fram at det nok var Kornmagasinet som var den gode kjelda det hadde å hjelpa seg med.

Heradet si møtebok er ikkje soleis førde at ein kan sjå kva heradet ytte til skulestellet. Fyrst i 1873 er det sagt at det til skulen var ytt 53 spd. 4 ort og 22 skill. (Ikr. kr. 216). I 1890 kr. 723.90 og i 1915 var det kome upp i kr. 1715.—.

Me har fyrr sagt at det drygde noko lenge fyrr det vart lærarjord i Jostedal. Men i 1905 vart det kjøpt ein part av Øvregard som låg under prestegarden, for kr. 1600.

Elles fylgde skulestyret med so best det kunde. Det vart løyvt til kveldskular og framhaldsskular, og i 1908 til ein »husflidsskule«.

